



St.prp. nr. 29

(2002–2003)

Om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 15. november 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

Proposisjonen gjeld følgjande saker:

Under 21.20 Luftfartsformål:

- Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Godtgjersle for innanlandske flyruter, med 9 mill. kr som følgje av m.a. lågare kompensasjonskrav frå flyselskapa etter at dei blei tekne ut av verkeområdet for meirverdiavgiftsloven.
- På grunn av utsett innflytting i utvida bygg blir løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, foreslått redusert med 1,5 mill. kr.
- Samferdselsdepartementet foreslår å opprette eit interimsselskap for å førebu omdanninga av Luftfartsverket til aksjeselskap frå 1. januar 2003.
- Det blir foreslått å løyve 392 mill. kr som avdrag på statslån til Oslo Luftfavn AS.

Under 21.30 Vegformål:

- Det blir gjort greie for endringar i bompenggeinnkrevjinga i fastlandssambandet Hitra–Frøya–Fjellværøy i Sør-Trøndelag.

Under 21.40 Særskilde transporttiltak:

- På grunn av mindre produksjon tidlegare år enn rekna med, blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 1330, post 71 Tilskot til ekspressbussar, med 9 mill. kr.
- Departementet foreslår at Senjaferjene får utbetalt 1,75 mill. kr til drifta i 2002.

Under 21.50 Jernbaneformål:

- Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 2,7 mill. kr på kap. 1354, post 01 Driftsutgifter, for å oppretthalde høgt prioriterte aktivitetar.
- Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 5671, post 80 Renter, med 19 mill. kr, m.a. som følgje av at lånet til BaneTele AS er blitt forlengd i 2002.
- På grunn av at det ikkje blei betalt utbytte frå BaneTele for rekneskapsåret 2001 foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 5671, post 81 Utbytte, med 8 mill. kr.

Under 22.10 Post og telekommunikasjonar:

- Betaling av renter på ansvarleg lån til Posten Norge BA blei høgare enn tidlegare budsjettet.

2 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Godtgjersle for innanlandske flyruter

Flyselskapa har krav på reforhandling dersom det i kontraktperioden kjem vesentlege og upårekna endringar i dei føresetnadene som ligg til grunn for kontraktane. I samband med fjerning av passasjeravgifta blei flyselskapa frå 1. april 2002 tekne ut av verkeområdet for meirverdiavgiftsloven, dvs. at selskapa ikkje lenger har nullsats. Dette har gitt meirkostnader for flyselskapa som dei krev kompenserte. Mottekne kompensasjonskrav er på om lag 14,5 mill. kr. Dette er noko lågare enn opphavleg rekna med. I tillegg er det einskilde andre mindreforbruk på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Godtgjersle for innanlandske flyruter, med 9 mill. kr, frå 411,4 mill. kr til 402,4 mill. kr.

Kap. 1314 Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane

Post 01 Driftsutgifter

Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane skal flytte inn i utvida bygg. Dette vil skje i 2003 i staden for i 2002 som opphavleg planlagt. Utgiftsramma i budsjettet for 2003 er derfor auka med 1,5 mill. kr. Utgiftene for 2002 blir tilsvarende lågare. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 1,5 mill. kr, frå 20,45 mill. kr til 18,95 mill. kr.

Kap. 1315 Etablering av Luftfartsverket som aksjeselskap

Post 90 Eigenkapital

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003) om m.a. omdanning av Luftfartsverket til aksjeselskap frå 1. januar 2003, går det fram at Samferdselsdepartementet legg opp til å opprette eit interimsselskap allereie i 2002 for å førebu omdanninga av Luftfartsverket til aksjeselskap. Interimsselskapet vil m.a. syte for registrering av det nye selskapet i Brønnøysundregistrene og inngå avtalar t.d. med

forsikringsselskap og bankar. Departementet foreslår å løyve 100 000 kr i eigenkapital til interimsselskapet, jf. kap. 1315, post 90 Eigenkapital.

Kap. 4312 Oslo Lufthavn AS

Post 90 Avdrag på lån

Oslo Lufthavn AS og staten v/Samferdselsdepartementet underteikna i juni 2000 ein ny avtale om statlege lån til selskapet. I samsvar med avtalen blei første avdrag på lånet betalt i juni 2002. Beløpet er ved ein inkurie førebels ikkje budsjettet, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2002–2003), side 52. Samla avdrag for 2002 er om lag 392 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 392 mill. kr på kap. 4312, post 90 Avdrag på lån.

Departementet gjer merksam på at det i samband med etableringa av Luftfartsverket som aksjeselskap er lagt opp til avdragsfridom i 3 år for låna til Oslo Lufthavn AS, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003).

3 Programkategori 21.30 Vegformål

Fastlandsambandet Hitra-Frøya-Fjellværøy i Sør-Trøndelag – endring i bompenggeinnkrevjinga

Fastlandsambandet til Hitra, Frøya og Fjellværøy blei opna i åra 1992 til 2000. I St.prp. nr. 97 (1989–90) blei bompengeperioden rekna ut til 2011, dvs. ei samla innkrevjingstid på 21 år, inkl. førehand-sinnkrevjing. I dag blir det kravd inn bompengar ved tunnelen til Hitra (Sandstad bomstasjon), ved brua til Fjellværøy (Ansnes bomstasjon) og ved tunnelen til Frøya (Dolmøy bomstasjon). I 2000 blei det kravd inn 38,4 mill. kr i dei tre bomstasjonane. I snitt utgjorde innkrevjingskostnadene (ekskl. renter) 14,2 pst. av bompenggeinntektene, men det er store variasjonar mellom bomstasjonane. I Sandstad bomstasjon utgjer innkrevjingskostnadene 10 pst. av bompenggeinntektene og i Ansnes bomstasjon 32 pst. Med denne ordninga vil innkrevjinga bli avslutta i 2006.

For å få ned innkrevjingskostnadene gjekk Samferdselsdepartementet i St.prp. nr. 97 (1989–90) ut frå at det blei vurdert alternative former for bompenggeinnkrevjing. På grunn av dei høge kostnadene og den store bompenggebelastinga på trafikantane i området, har lokale styresmakter og vegkontoret i Sør-Trøndelag arbeidd for ei meir effektiv innkrevjingsordning. Kommunane Hitra og Frøya og bompengeselskapet er samde om å leg-

gje ned bomstasjonane på Ansnes og Dolmøy. Snillfjord kommune, der det bur nokre pendlarar, har gått imot ei endring. Hitra kommune vil gi ein kompensasjon til dei aktuelle pendlarane.

Nedlegging av bomstasjonane på Dolmøy og Ansnes vil føre til at innbyggjarane på Hitra, Frøya og Fjellværøy ikkje lenger vil betale bompengar ved trafikk mellom desse øyane. Det har vore kravd inn bompengar i Ansnes bomstasjon sidan 1992 og i Dolmøy bomstasjon sidan 2000.

Den nye ordninga tek til 1. februar 2003 og vil føre til at innkrevjingsperioden aukar til 2009/2010. Takstane vil ikkje auke. Innkrevjingskostnadene blir reduserte, men på grunn av høgare renteutgifter vil dei totale kostnadene bli om lag som i dag.

Hovuddelen av trafikantane i området vil nyte godt av ei endring. Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet har slutta seg til den foreslåtte endringa, og departementet har godkjend søknaden om ny innkrevjingsordning.

4 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 71 Tilskot til ekspressbussar

Ved innføringa av ordninga med kompensasjon til bussruter som ikkje har rett til tilskot, dvs. kap. 1330, post 71, blei kompensasjonen fastsett ut frå venta produksjonsomfang. Produksjonen har blitt mindre enn rekna med. For å unngå overkompensasjon har løyvingane for tidlegare år ikkje fullt ut blitt betalte ut, men overførte til året etter. Det er derfor eit mindreforbruk på posten i høve til det som er til disposisjon på posten i 2002. Samferdselsdepartementet foreslår av den grunn å redusere løyvinga med 9 mill. kr, frå 18,2 mill. kr til 9,2 mill. kr. Ein slik reduksjon av løyvinga for 2002 vil ikkje medføre at det i 2002 blir mindre til disposisjon til ordninga enn den opphavlege løyvinga i 2002 på 29 mill. kr.

Senjaferjene

I Budsjett-innst. S. nr. 13 (2001–2002) bad fleirtalet i samferdselskomiteen departementet inngå i ein dialog med ferjeselskapa for å finne løysingar som med statleg hjelp kan sikre vidare drift av Senjaferjene (tre ferjesamband). Saka er også omtalt i St.prp. nr. 1 (2002–2003), side 71.

For å unngå at drifta av ferjene ikkje tek slutt i år ser det ut til at Senjaferjene må bli tilført finansi-

elle midlar i storleiken 3,5 mill. kr i 2002. Samferdselsdepartementet har opplyst til Senjaferjene at det er positiv til å yte 1,75 mill. kr på vilkår av at også fylkeskommunane Nordland og Troms yter til saman 1,75 mill. kr. Departementet legg til grunn at statleg tilskot i 2002 ikkje gir føringar for statleg tilskot i seinare år. I St.prp. nr. 1 (2002–2003) er det opplyst at det er starta eit arbeid for å avklare eventuell vidare statleg tilskot til drifta av Senjaferjene.

Av praktiske årsaker foreslår Samferdselsdepartementet at summen på 1,75 mill. kr blir postert på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 60 Innbyggjartilskot, og betalt ut via fylkeskommunane Nordland og Troms med 875 000 kr til kvar fylkeskommune, jf. omtale i Kommunal- og regionaldepartementets proposisjon om endringar i statsbudsjettet for 2002.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Driftsutgifter

Statens jernbanetilsyn har vurdert at det i 2002 vil ha eit meirforbruk på om lag 4,2 mill. kr samanlikna med saldert budsjett. Hovudårsaka til meirforbruket er at arbeidet med godkjenning av rullande materiell til NSB AS og Flytoget AS har blitt meir omfattande enn rekna med. Dette har m.a. ført til auka bruk av ekstern konsulenthjelp enn budsjettet med. Erfaringane frå dette arbeidet gjer at Statens jernbanetilsyn vil se på prosedyrane for godkjenning av rullande materiell, m.a. krava til dokumentasjon frå jernbaneoperatørar som søker om godkjenning.

For å redusere meirforbruket har Statens jernbanetilsyn sett i verk interne tiltak for å redusere meirforbruket som å skjere ned på aktivitetar som ikkje er nødvendige å setje i verk/gjere ferdige i 2002. For å oppretthalde høgt prioriterte aktivitetar i tilsynet i 2002 foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1354, post 01 Driftsutgifter, med 2,7 mill. kr, frå 21,2 mill. kr til 23,9 mill. kr.

Kap. 5671 Renter og utbytte fra BaneTele AS

Post 80 Renter

Ved etableringa av BaneTele AS 1. juli 2001 fekk selskapet eit mellombels statslån rekna til 196 mill. kr, men seinare fastsett til 209 mill. kr. Selskapet

fekk fridom til å fastsetje renteperiode for lånet. Renter på lånet blei først betalt i juni 2002, dvs. for perioden 1. juli 2001 – 30. juni 2002. Opphavleg skulle lånet betalast tilbake 30. juni 2002, men Regjeringa har to gangar i 2002 forlengt lånet til BaneTele AS, sist til 31. desember 2002. Dette medfører ein auke i innbetalte renter i 2002 samanlikna med saldert budsjett. Rentesaften er no NIBOR + 2,5 prosentpoeng. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5671, post 80 Renter, med 19 mill. kr, frå 7,5 mill. kr til 26,5 mill. kr.

Post 81 Utbytte

På grunn av den generelle økonomiske utviklinga i telemarknaden dei siste åra og den vanskelege likviditetssituasjonen i BaneTele AS vedtok generalforsamlinga i selskapet ikkje å ta ut utbytte for 2001. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 5671, post 81 Utbytte, med 8 mill. kr, frå 8 mill. kr til 0 kr.

6 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 5612 Renter av lån til Posten Norge BA

Post 81 Renter av ansvarleg lån

Ved omdanninga av Posten Norge BA til aksjeselskap 1. juli 2002 blei det ansvarlege lånet omdanna til aksjekapital i det nye selskapet. Selskapet betal-

te derfor i 2002 berre renter av det ansvarlege lånet for perioden 1. januar – 30. juni. Løyvinga på kap. 5612, post 81, blei derfor redusert til 14 mill. kr, jf. St.prp. nr. 62/Innst. S. nr. 224 (2001–2002).

Renteinnbetalingane frå Posten er knytte til det løpande rentenivået, som i perioden 1. januar – 30. juni 2002 var NIBOR + 1,5 prosentpoeng. Faktisk innbetaling av renter i perioden blei nesten 16,6 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 5612, post 81 Renter av ansvarleg lån, med 2,6 mill. kr, frå 14 mill. kr til 16,6 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartementets område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartementets område i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartementets område

I

I statsbudsjettet for 2002 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1310	70	Flytransport Godtgjersle for innanlandske flyruter, <i>kan nyttast under kap. 1311, post 71</i> , blir redusert med frå kr 411 400 000 til kr 402 400 000	9 000 000
1314	01	Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 20 450 000 til kr 18 950 000	1 500 000
1315 (ny)	90	Etablering av Luftfartsverket som aksjeselskap Eigenkapital, blir løyvd med	100 000
1330	71	Særskilde transporttiltak Tilskot til ekspressbussar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 18 200 000 til kr 9 200 000	9 000 000
1354	01	Statens jernbanetilsyn Driftsutgifter, blir auka med frå kr 21 200 000 til kr 23 900 000	2 700 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4312 (ny)	90	Oslo Lufthavn AS Avdrag på lån, blir løyvd med	392 000 000
5612	81	Renter av lån til Posten Norge BA Renter av ansvarleg lån, blir auka med frå kr 14 000 000 til kr 16 600 000	2 600 000
5671	80	Renter og utbytte frå BaneTele AS Renter, blir auka med	19 000 000
	81	Utbytte, blir redusert med frå kr 8 000 000 til kr 0	8 000 000

